

Alver kommune, Plan og byggesak  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykker: 0d2154a3-4af0-45f0-bf43-be003fd5a6d5  
Vår: 21/10432 - 21/86745

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
20.12.2021

## **Svar på offentleg ettersyn og høyring - Detaljreguleringsplan for Kvassnesbakken gbnr 188/701 m.fl. Planid. 1263201904**

Avdeling for SVVA forvaltning har gått gjennom dokumenta som er tilgjengelig for offentleg ettersyn og høyring. Avdeling veg forvaltning har følgjande uttale i saka:

### **Planskildring**

#### **3.1 Veg og trafikktihøve**

ÅDT er i start av Bruvegen oppgitt til 11000 i tekst, men kartet viser 1100. Vil gjere merksam på at det er utført teljing med målar haust 2021 for Kvassnesvegen og Bruvegen i krysset ved Rema 1000. Resultat fra målingane er tilgjengelig på førespurnad.

Teksten i dette avsnittet er utdatert med tanke på endringane utført rundt Helsehuset og ny oval rundkjøring under arbeid i Knarvik på E39.

#### **5.2.5 Fortau (SF)**

Fortaua er prosjektert til 2,5m utan anna veggrunn. Fortauet o\_SVG1 på den sida kor avkjøring til garasjeanlegg er plassert ligg i hellande terren. Det er behov for eit godt gjennomtenkt og prosjektert anlegg for handtering av overflatevatn både langs dei planlagte fortaua og køyrevegen. Det må og prosjekterast ei løysing for å drenere vekk overflatevatn veg/fortau på oversida av bygget langs den offentlege vegen.

Dersom det skal setjast opp vegbelysning langs Kvassnesbakken, må det setjast av eit langsgåande areal for mastene som skal stå på offentleg grunn. Master skal passerast på utsiden av evt. grøft, 1m frå vegkant. Avstand kant fortau til mast skal følgje Statens vegvesen sine handbøker og belysningsplan skal følge Knarvikplanen.

#### **5.7 Samferdsel**

Knarvikplanen viser ikkje fortau på denne sida av offentleg veg og det er flott at det er teke med to-sidig fortau med tanke på detaljregulering av dette planområdet. Fortau forbi avkjøringar som ikkje er adkomstvegar skal vere planlagt som gjennomgåande fortau langs eit planområdet. Avkjørsle til parkeringsanlegg skal ikkje planleggast som ei avkjørsle med brot i fortauskant, dette i samsvar med

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00    www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

vegnormalane. Avkøyring SV må difor prosjekterast med nedsenka fortau, slik at fortauet er synleg gjennomgåande og all trafikk skal vike for fortau. Det same gjeld avkøyringa mot SGT.

Det bør skildrast kor det er tenkt gjesteparkering. Om det er tenkt at offentlege parkeringsanlegg i Knarvik skal nyttast til parkerande gjester, må dette kome fram i planskildringa. Kva parkeringsanlegg som er tenkt nytt til dette formålet.

Det er ikkje ei god løysing at renovasjonsbil og bilar for varelevering skal rygge inn eller ut over fortau for å ha høve til å snu i samband med SGT. Det bør vere mogleg for køyretøygruppe L å kunne snu inne på anlegget med omsyn til trafikksikkerheita på og langs det offentlege veganlegget.

Det må utarbeidast ein teknisk plan for veganlegget inkl fortau og sideareal inkl. evt. vegbelysning. Det må ikkje leggast opp til materialbruk på og langs offentleg veg som gir auka eller endra vedlikehaldsansvar for kommunen i etterkant.

## Føresegner

§ 3.8.1 VA og overvasshandtering (§12-7 nr. 4 og 12

**Saknar eit punkt om hantering av overflatevatn veg/fortau**

§ 4.2.4 Gatetun (SGT) (§ 12-7 nr. 1 og 4)

a) Gatetun skal opparbeidast med utforming og dimensjon som vist av plankartet. **Her bør det komme fram at området skal dimensjonerast for køyretøygruppe L.**

§ 4.2.7 Parkering (§ 12-7 nr. 1, 4 og 7)

**Saknar eit punkt om gjesteparkering.**

§ 6 Rekkefølgjeføresegn (tbl § 12-7 nr.10)

Knarvikplanen har rekkefølgekrav om teknisk plan for veg.

**I denne planen bør det stillast rekkefølgekrav om godkjent teknisk plan for veg og vegbelysning før rammeløyve/IG vert gitt for planområdet. Skal godkjennast av vegmynde i kommunen.**

## VA-rammeplan

Det er ikkje planlagt nytt offentleg anlegg for handtering av overvatn.

Det må difor lagast ein plan over korleis det som vil bli overflatevatn frå offentleg veg og fortau skal handterast i og forbi dette planområdet. Slukar og kummer som evt. skal koplast på eksisterande offentleg OV-anlegg og dimensjonar for eit slikt anlegg skal prosjekterast som del av teknisk plan for veg.

## Profilar

Det er ikkje lagt ved profilteikningar for dei offentlege veganleggja som grensar mot planen. Det vil med utgangspunkt i at det skal byggast offentleg fortau rundt planområdet vere behov for godkjente teikningar som viser oppbygging, lengde-/tverr-/vertikalprofilar, profil for avkørsler over fortau med nedseinka kantstein, grøfteprofilar, kabelgrøfter, mastepllassering etc.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-  
forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Merethe Tvedt

**Mottakarar:**

Alver kommune, Plan og byggesak      Postboks 4      5906      FREKHAUG